



VAKSDAL KOMMUNE
Vaksdal kommune

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Dok.nr.: 92
Arkivkode: 416.0	Dato: 16.11.05
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Saksnr.
05/00790-002

Arkivkode
020 &13

Avd/Saksb
VK /ØS

Dykkar ref.

Dato
09.11.2005

**HØRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG
VELFERDSFORVALTNINGA OG TILPASSINGAR I VISSE ANDRE LOVER**

Stortinget vedtok 31.05.2005 *St. prp. nr. 46 (2004-2005) Ny arbeids- og velferdsforvaltning*. Hovudmålet med nyordninga er at fleire skal tilbakeførast til arbeid eller aktiv verksemd, slik at færre har trygd eller stønad som hovudkjelde til forsyting. Reforma tek vidare sikte på ei meir brukarvenleg og effektiv velferdsforvaltning gjennom ei samanslåing av arbeidsmarknadsetaten og trygdeetaten, og ei samordning av tenesteytinga med kommunane si handsaming av saker etter kap. 5 i sosialtenestelova til ei felles 1.lineteneste.

Vaksdal kommune ser ein del store utfordringar i dei løysingane som er føreslegne for å få denne reforma til å verte ein suksess for brukarane våre. Her følgjer nokre av dei:

- Pålagde reformer i kommunalforvaltninga vert ikkje alltid følgt opp med full økonomisk dekning. Kommunane må på førehand få garantiar om at dette er ei reform som fullt ut vert statleg finansiert, både vedkomande den fysiske tilrettelegginga og implementeringa.
- Fordeling av driftsutgiftene må også vera avklara før dei lokale avtaleforhandlingane tek til. Mange uavklara faktorar vil gjera det vanskelegare for eit godt forhandlingsmiljø. Rammeavtalen kan vere eit instrument for å sikre ei rettferdig fordeling av driftsutgiftene, sjølv om stor fridom til lokal tilpassing vil komplisere arbeidet. Også IT-, arkiv- og telefoniløysingar må konkretiserast.
- Felles IT-løysing for alle medarbeidarane må til for å få dette til å fungere optimalt. Datatilsynet kan ikkje leggje for mange problem i vegen for ei god og heilskapleg løysing.
- Skal eit arbeids- og velferds kontor fungere optimalt må det ha ei heilskapleg administrativ leing med ein leiar utan at det på førehand er fastsett kva etat som skal ha denne leiaren.
- Personalet i den nye eininga må føle seg som eit felles kontor med felles arbeidskultur. Jobbrotasjon bør vera mogeleg for alle, sjølv om dei har spesialkompetanse innanfor bestemte fagområde. Det må bli ei dør inn til kontoret (slik målet er), utan at det vert fleire dører for brukarane å passere innanfor kontoret. Brukar bør ha krav på å berre

Postadresse:
Jebsensgt. 16
Konsul Jebsensgt. 16
5722 DALEKVAM

Besøksadresse:

Telefon sentralbord Konsul


Telefon saksbeh 56594400
Telefaks: 56594408

kunne halde seg til ein sakshandsamar for å få eit komplett tilbod. Teiepliktsreglane kan ikkje gjelde mellom dei tilsette innanfor NAV-kontoret

- Det vert interessant å sjå korleis ein tenkjer seg handteringa av 2 separate budsjett innanfor denne nye eininga (stat og kommune). Avgjerdsler tatt av leiaren av NAV-kontoret vil påføre kommunen utgifter. Budsjettstyringa vert derfor interessant i løysinga. Vi håper ikkje at det vert "dumpa" brukarar frå eit budsjett til eit anna budsjett utifrå budsjettomsyn. Arbeidslinja bør vera målet.
- Å legge berre delar av sosialtenesta (økonomisk sosialhjelp) inn i arbeids- og velferdskontoret, vil for Vaksdal kommune vere praktisk vanskeleg, sidan tenesta består av eit fåtal personar som har fleire funksjonar. Det einaste mogelege vil såleis vere å legge heile personalet som arbeider med sosial- og barnevernsakar til det felles kontoret. På denne bakgrunnen, og for å få til ei god gjennomføring av reforma, vil det vera uheldig om staten berre legg opp til å dekke utgiftene knytt til ei "minimumsløysing". Ein viktig føresetnad for reforma er at staten dekker utgiftene knytt til den ordninga som kommunane finn føremålstenlege. Kommunen kan ikkje sitje igjen med eiga handtering av berre dei brukarane som fell utanfor systemet (rus/psykiatri etc.).
- I § 9, 2. ledd i "Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga" er det opna for at kommunen og statsetaten kan utføre oppgåver for kvarandre innanfor dei rammene ein vert samde om i den lokale avtalen når det gjeld regelstyrte og lite skjønnsbasert saker. Når statsetaten si forvaltning av arbeidsmarknadslova og folketrygdlova er regelstyrt og kommunen si forvaltning av kap. 5 i sosialtenestelova i store trekk er skjønnsbasert, vil ein i praksis ende opp med at kommunen utfører oppgåver for statsetaten og i liten grad omvendt. Ei samanblanding av regelstyrt og skjønnsbasert lovverk med ulikt forvaltningsansvar kan lett føre til samarbeidsproblem som går ut over brukarane. Ei statleg ordning med "garantert minsteinntekt" for alle bør difor vurderast som eit tiltak som både kan hindre samarbeidsproblem og gjere det enklare og raskare for brukarane å kome i gang med eigen aktivitet. Kommunane bør framleis ha med forvaltingsansvaret for dei skjønnsbaserte ytingane.

Vaksdal kommune skal gjere alt det som er mogeleg for at denne løysinga skal verte den beste for våre innbyggjarar. Vi voner at staten legg til rette for at dette kan realiserast på ein god måte.

Med helsing


Øivind Olshnes
Ordførar


Øistein Søvik
Rådmann